

## **Vedtekter for bruk av kommunevåpen flagg og namnetrekk til Vang Kommune**

Kommunestyret sitt vedtak 17.februar 1987, om kommunevåpen for Vang, vart godkjent statsråd 26.juni 1987.

Følgjande vedtekter gjeld for bruk av kommunevåpen, segl og namnetrekk.

1.

### **A: Definisjon**

Våpnet til Vang kommune skal vera: På blå grunn tre skråstilte gullsverd omgjevne av gull liljebord.

Flagget til Vang kommune skal vera: På blå grunn tre skråstilte gule sverd omgjevne av gul liljebord.

### **B: Eigendomsrett og bruksrett**

Kommunevåpenet har rettsleg vern mot uhjelmet brukt, straffeloven § 328. Som hovudregel kan våpnet berre brukast av den kommunale administrasjonen, av kommunale institusjonar og enkeltpersonar som representerer kommunen.

### **2. Bruk av våpenskjold**

Våpenskjold skal brukast med sine farger. Formannskapet kan i særskilde høve fravike denne regelen.

Våpenskjoldet kan brukast på brevpapir, trykksaker, og som vignett på offentlege dokument.

På trykksaker kan våpnet trykkast i svart kvitt ellre blått og gult. Våpnet kan brukast som eigemerke på kommunen sine bygningar, bilar og andre gjenstandar.

### **3. Bruk av kommuneflagg**

Flagget kan heisast på kommunale merkedagar og ellers etter nærare vedtak. Bruk av kommuneflagg må ikkje skje til fortrenghet for Norges flagg, men kan eventuelt heisast samtidig på eigen stong.

### **4. Bruk av våpnet fane og banner**

Våpnet kan utførast som bordflagg eller banner til bruk ved kommunale tilstellingar. Hengande banner i stort format kan brukast til dekorasjon etter nærare vedtak.

#### 5. Bruk av våpnet i stempel og segl

Våpnet kan brukast av kommunale etatar/institusjonar i rundt stempel eller segl med etaten eller instiutsjonen sitt namn i ein inskiftring rundt våpnet. Proposjonar og skrifttype skal vera slik som i seglet: «Ordføraren i Vang kommune». Segl skal framstillast som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar og liknande.

#### 6. Bruk av våpenskjold og namnetrekk

Namnet Vang kommune har fått ei spesiell utforming som skal brukast på trykksaker, bygningar, skilt og liknande. Når våpenskjoldet og namnetrekk skal brukast saman på trykksaker skal våpenskjoldet stå øvst eller framfor namnetrekket.

#### 7. Fargane på våpnet

Våpenskjoldet skal trykkast i farge 022 Process Blue. Sverd og bord i trykk gull (Kürz pregfolie luxor/alufin 423 eller 425) eller med gul PMS 115. Brevpapir/papir i ei farge bør trykkast med PMS 541 blåsvart. Våpenskjoldet kan også trykkast i svart (strek).

På brevark: namnetrekk: grå: PMS 414, Blå: PMS 307, gul: PMS 109.

#### 8. Løyve til bruk

Søknad om bruk av kommunevåpen, flagg og namnetrekk som ikkje er nemnt i desse reglane skal frammast for formannskapet.

Vedtak K-112/87